


Brattvåg Rotaryklubb



Medlemsbrev nr. 2, 2014/2015
Oktober, november og desember 2014
President Geir Magne Ingeborgvik



Redaksjonskomite: Lidvar Sunde, Rolv Rørhus, Jan Huse, Torstein Slyngstadli, Magne Lundemo

10.10.2014 – Høsttur til Finnøy Havstuer
Fredag og lørdag var viet Finnøya. Fredag var det full middag og stor stemning utover kvelden. Lørdag formiddag var det bedriftsbesøk på Finnøy Motorfabrikk. Det var ca. 25 personer som deltok på denne utflykten.

Ref: Lidvar

14.10.2014 – Fritt møte og dugnad
Denne kvelden var 8 medlemmer sendt ut på dugnad på turveien rundt Synnalandsvatnet og 17 var på fritt møte på Hautunet. Vi hadde også en gjest på besøk fra Halden.



På bildet ser vi Den yngste på dugnaden, Frida Sønderland Nustad.

Tove hadde vært på Distriktskonferansen på Molde, hvor Bitten Linge var konferansier. Anestesiooverlege Strømskag ble hedret med PHF fra Fræna RK for sin innsats gjennom «Leger uten grenser». Gjesten denne dagen, Jon O. Brevik fra Fredriksten RK, snakket litt om sin klubb. De har 33 medlemmer og er engasjert i ulike prosjekt, både lokalt og internasjonalt. Her kan nevnes sansehage for eldre/demente, solcelle-paneler for Sør-Afrika.

Ref: Lidvar

24.10.2014 – Krabbefest
Det var over 60 fremmøtte denne dagen og et flott arrangement med god mat og et fantastisk loddssalg som innbrakte over kr 7 200. Aalesund Øst RK var som vanlig representert.

Ref: Rolv

28.10.2014 – Foredrag om innovasjon – Hans Petter Hildre

Hans Petter Hildre startet med å definere innovasjon – det er å lage noe nytt (nytt og nyttig). Han forklarte videre at evolusjon er

endring med små skritt (klyngedynamikk) og disruptive gjennombrudd er revolusjonerende teknologiske gjennombrudd, som f. eks. digitale klokker eller Iphone (antall pixler på et kamera var viktig dagen før Iphone kom).

Vi i Norge, skiller universitet og næring. Det mener han er feil. Se på utlandet. I Tyrkia har 75 verft bygget et universitet. Når det gjelder norske gjennombrudd er Ulstein Vision et eksempel på en helt ny måte å tenke på. Her bygges det et dashbord i glasset (på broa). I 1860 ble det bygd 75 trebåter samtidig. I 1861 skjedde en industriell revolusjon. Stålåter (damp) ble bygd og trebåtene forsvant. I Sverige bygde man stålåter på samlebånd og mettet markedet og alt stoppet opp. Dette var ikke omstillbart. På 1950 tallet temmet fiskebåtene havet og i 1969 kom ojen med sterkt vekst, omstellingsevne, kunnskap og produksjon. Hildre snakket videre om havet og såkalt

crossover innovasjon. 90 % er utforsket (over 3000 m dyp) og kun 2 % - 3 % er mat fra havet. Det såkalte EU Horizon 2020 går på innovasjon på sjømat, energi og mineraler i havet. Det er bevilget 70 mrd euro til dette arbeidet. Hildre sier også at norske bedrifter blir større utenlands, de må outsource en del av sine operasjoner men det krever at innovasjonsfarten må økes. I dag bygger Kleven skip hurtig (moduler). Fremover blir det mer virtuell prototyping og kunnskapslinken må økes mot ledende miljø. Hildre hadde mange og store tanker om innovasjon og det krevde årvåkenhet å klare å følge med på dette foredraget. Det var vel 30 fremmøtte medlemmer. Svein ledet møtet denne gangen. En liten påminnelse til slutt: Menneskelig feil er årsak i 85 % ved ulykker, slik har det vært i årter.

Ref: Lidvar

04.11.2014 – Guttorm Vik – 40 år i utenrikstjenesten
Presidenten ønskte gjester velkomne til møtet, og gratulerte Øyvind med overstått 70-årsdag. Eldar Sæterøy hadde også fødselsdag på møtedagen. Han fekk applaus in absentia". Det vart deretter orientert kort om programmet for komande rotarymøter.

Guttorm Vik var blant gjestane og hadde sagt seg villig til å gjenta eit ego-foredrag han tidlegare hadde halde i Ateneum rotaryklubb, som er hans klubb. Han vaks opp i Brattvåg, som dei fleste av oss veit, og skildra oppveksten i humoristiske ordelag. Etter realskule i Brattvåg, tok han artium på Nordfjordeid på to år. Deretter var han lærar på realskulen i Brattvåg ei kort tid, to år etter at han sjølv hadde gått ut frå skulen. Han drog så til Bergen og tok nokre fag ved Universitetet der, før han reiste i det militære. Der tok han forsvaret sitt kurs i russisk. Seinare vart det handelshøgskulen i Bergen. På denne tid traff han kona si og fekk ei jente. Han sökte så opptak i utensirkstenesta og starta på eit karriereløp som skulle vare i over 41 år. Den første tenestestasjonen var Geneve. Han busette seg der med familien og dei fekk andre barnet, ein gut. Geneve er eit senter for multinasjonalt samarbeid. Og det er innan desse saksfelta han har arbeidd i det meste av tenestetida si i UD. Seinare kom han heim att og busette seg i Røyken. Han hadde likevel over 100 reisedagar i ulike oppdrag for UD. Han vart så byråsjef i UD, og hadde også oppgåver i tilknyting til FN. Deretter var han underbyråsjef i UD si Nord-Sør

avdeling.
Under siste folkeavstemminga om EU arbeidde han på ny i UD som byråsjef. Han vart deretter sendt til Brüssel i samband med EØS-forhandlingane. Det var krevande forhandlingar, men han meiner det vart gjort eit solid og godt arbeid. Der var han i 5 år, med permisjon frå UD og tilsett i EFTA. Då han kom heim att, arbeidde han med ulike oppgåver i ein overgangsperiode. Det bestod i arbeid med med EØS-tilpasningane på basis av avtalen. EFTA-avtalen måtte også reforhandlast og tilpassast EØS-avtalen. Han fekk også eit hovudansvar for stortingsmeldinga om EØS-avtalen. Som «belønning» fekk han så stillinga som ambassadør på Island. Der kom han til det han kallar «dekka bord». Kona og resten av familien treivst også godt på Island.

Etter Island vart han sendt til Wien som OSSE-ambassadør. Men kona gjekk i fleire år rundt i Wien og ønskte seg tilbake til Island. Av dei mest eksotiske opplevingane han har hatt i «alle land» var oppgåva som valopservatør i Mongolia. Valglokala var tradisjonelle nomade-telt i ørkenliknade landskap. Men dei var utrusta med dei mest teknisk avanserte datasystem som finns.

Valgresultata vart klare i det valglokala stengde.

I hans tenestetid har svært mange menneske blitt heva ut av fattigdom, hungersnød og analfabetisme. I Europa har situasjonen stabilisert seg, mykje p.g.a EU. I staden for krigar mellom Tyskland og Frankrike kvar 20-år, er slike konflikter no utenkelege. Balkanstatane står no i kø for å kome inn i EU, sjølv om dei for ikkje lenge sidan låg i krig med kvarandre. Men med bakgrunn i OSSE er det deprimerande å sjå utviklinga i Russland. Det dei trong no var ei utvikling mot eit meir moderne demokratisk samfunn, meiner Guttorm Vik.

Ref: Torstein

11.11.2014 – Fritt møte

President Geir Magne opna møtet og gratulerte med fødselsdagar. Rolf Haugerud og Jostein Skjelten hadde åremålsdag på møtedagen.

Der er endringar på gang vedr. Pets-seminara og Prepets, som etter kvart har blitt for like.
Distriktskonferansen vert på hotell Waterfront i Ålesund.

TRF (*The Rotary Foundation*)

Rolf Doran hadde vore på eit seminar på Vestnes og orienterte derifrå. Han starta heilt tilbake i Paul Harris si tid, og viste dei første humanitære prosjekta i Rotary sitt regi.

Humanitært arbeid er framleis berebjelken i Rotary Foundation sitt arbeid. "Service above self" er slagordet. Bortimot 90% av midlane til RF går til ulike prosjekt rundt om i verda:

- Stipendordningar
- End Polio Now
- Global grants
- District grants

Klubbane står i prinsippet fritt med omsyn til innbetalingar til RF, men der er ei målsetting på 100 USD per medlem. Midlane vert innbetalt på ulike måtar:

- Den enkelte medlem betalar inn pr. giro
- Klubbane betalar inn samla
- Klubbane betalar inn overskot frå arrangement

Midlane som vert innbetalt står til forrenting i tre år. D.v.s. at midlar som blei innbetalt i 2011-12 vert tilgjengelege mo i 2014-15.

Polio Plus:

2 mrd barn er vaksinert til no. Målet har heile tida vore å rydde ut sjukdomen Polio. Men det står framleis att nokre frå land/område der ein ikkje har sloppa til, t.d. Pakistan. Melinda og Bill Gates har gått inn i eit forpliktande samarbeid med Rotary. Ein har no lukkast om lag 99%. Trass i tilbakeslag er målsettinga klar: **End Polio Now.**

Distrikt 2305 betalte inn over 40.000 USD i 2012-13, og låg dermed heilt i topp

på landsbasis. Rolf avslutta med å seie: Rotary er kva Rotary gjer. Vi vert gjenkjent ved prosjekta vi står for.

Ref: Torstein

18.11.2014 – Vinsmaking

Før han gav ordet til Øyvind, ønskte president Geir Magne Anne Marit til lukke med fødselsdagen.

Argentina

Øyvind hadde valt fire vinar frå Argentina. Han hadde også laga eit kompendium som omhandla historikk og vinområda: Nordvest, Cuyo og Pantagonia. 90% av vinproduksjonen i landet ligg innan området Cuyo (La Rioja, San Juan og Mendoza). Det spennande er at Øyvind tek utgangspunkt i geografien. For geografi og klima er avgjerande for druene sine vekseforhold. Druene som vert dyrka er dei kjente sortane frå Frankrike og Spania. Kompendiet hadde også eit kart over dei ulike vinområda og viser enorme avstandar frå Santa Cruz i sør til Salta i nord, over 2000 km.

Terasas de Los Andes

Torrontes 2013

Kvitvin, laga av drua **torrontes**.

Lite sødme, 0,8 g/l sukker
Mild smak, fruktig
Passar til fisk og skaldyr
Kommentar ved bordet:
«Slanke-vin».

Trivento Brisa de Abril 2012/13.

Kvit dessertvin, av druene Sauvignon Blanc (60%) og Viognier (40%), Svært mykje sådme, 98 g/l sukker.

Gylen farge.

Kommentar frå seks menn:
«Dame-vin»

Chakana Malbec 2013

Rødvin, av druha **malbec**, 100%

Fargen er djupt raud
Ung og litt fruktig på smak
Ikkje spesielt aromatisk
Passar til kjøt

Alamos Pinot Noir 2012

Rødvin frå området

Mendoza

God fylde og fruktig

Middels syrlig

Passar til kjøt, men også til fisk (torsk)

Kommentar: «Beste vinen i kveld».



Ref: Torstein

25.11.2014 Guvernørbesøk

President Geir Magne ønskte velkommen, særleg til medlemer i Ørskog RK. Der var ingen fødselsdagar i perioden. Han opplyste vidare at Gunnar Kvalsund går av som AG, og treng avløysar. Kandidatar kan foreslåast. Guvernør Knut Kvalvågnes fekk så ordet. Han kom i bil frå Ørskog RK og hevda at han p.g.a. mørket ikkje hadde aning

om kvar han var. Han er fødd i 1945, og etter artium studerte han realfag ved Univ. i Oslo. Han tok embeteksamen som cand. real i 1972, og fekk arbeid i NIVA. Han hadde som spesialfelt å følgje med radioaktivitet i utsleppsvatn. Han arbeidde også med konsekvensar av auka vasstemperaturar i Oslofjorden. Det får innverknad på biologiske samanhengar, t.d. reproduksjonsevnen til reker. Han var i alt 17 år i arbeid hos NIVA. Han fekk så eit engasjement i Indonesia og arbeidde der i fleire år. Han fann også kona si der, og dei fekk to barn. Han arbeidde seinare med miljøvertiltak i kommunane, og busette seg til slutt i Elnesvågen. Der arbeider han no som miljøvernkonsernt i Fræna kommune. Det vart så servert kaffe og smørbrød.

Guvernørforedrag:

Guvernør Knut starta med å minne om at rotary er den 5 største humanitære organisasjonen på verdsbasis. Han rekna så opp rotary sine ulike innsatsområde. Rotary er også særmerkt ved at vi er ein yrkesbasert organisasjon. Rotary sitt største problem i vår tid er at medlemstalet går ned. Det fører også til mindre innbetalingar til TRF, og dermed mindre midlar til å

bruke på rotary sine ulike prosjekt. Medlemsvekst vert derfor viktig – noko vi også har høyrt før. Som medlemer i rotary er vi med i eit internasjonalt nettverk. Det er noko vi bør gjere oss nytte av når vi er på reiser i utlandet. Der stiller alle rotary-klubbar med opne dører. Eldre medlemer som bur i utlandet store deler av året, kan også dra nytte av dette.

Polio Plus:

Dette er det største prosjektet rotary har vore med på. Verda er no 99% fri for polio og vi kan ikkje gi oss no. Men han peika på at det kan veste like vanskeleg å nå den siste prosenten, som det han vore å nå dei første 99. Bidrag til Polio Plus er like viktige no som før. Og der er mange måtar å gjere ein ekstra innsats på.

Ebola:

Utbrotet av ebola kom veldig brått på og den vestlege verda kom for seint inn i arbeidet med å begrense smitten si utbreiing. Ebola har ein dødsrate på 50-90%. Dette gjer heile verda uroleg. All behandling til no har vore eksperimentelt prega. Rotary i Norge er no med i eit engelsk prosjekt i Sierra Leone. Volda RK er sentralt i dette arbeidet. Store deler av infrastrukturen i Sierra Leone står i fare. Volda ber om at distrikt 2305 tek del i dette arbeidet. Eit av pro-

blema er at ebola i tidleg stadie, liknar svært mykje på symptoma ved malaria. Guvernøren oppmoda alle klubbar til å følgje sitt «samvit». Vi skal ikkje gløyme polio, men klubbar som har høve til det, kan betalt inn midlar gjennom Norfo.

Ref: Torstein

02.12.2014 – Peder Tomren

– Rundreise i gamle Hellas

Anne Marit introduserte kveldens hovedpost, Peder Tomren, som var invitert til å fortelje om ei to vekes lang reise han gjorde i oktober; «Ei rundreise i det gamle Hellas».

Med leigebil reiste han rundt i Hellas, først og fremst for å sjå og oppleve nokre av dei gamle historiske stadene dette landet har å by på. Gjennom ord og bilet formidla han til dei frammøtte inntrykka og opplevelingane sine frå turen.

Første stopp var i Delphi, først og fremst kjent for sitt orakel, Pytia. I transe kom ho med visdomsord og spå-




domar som berre presteskapet klarte å tolke. I Delphi er det gjort funn frå busettnad 4000 år f.Kr. Den dag i dag kan vi sjå restane etter storheitstida då byen var sentrum for sivilasjonen. Mest kjent er Apollon-templet som var reist til ære for guden det var oppkalla etter. Her finst også restar etter eit amfiteater (sjå bilet over), ein steinstatue til ære for Zevs og endå eit tempel som var sirkelforma for å symbolisere tida som går.

Vidare gjekk ferda til Moni Hosios Loukas, eit kloster med to kyrkjer, bygt ca 900 e. Kr. Klosteret er prega av ikon, spesielt av Maria med barnet, Kristus og Johannes døyparen. Hosios Loukas (St. Lukas) skal ligge i ein sarkofag i ei krypt under ei av kyrkjene.

Neste stopp var Olympia på Peloponnes som kan skilte med funn frå menneske frå 3000 år f.Kr. Her ble dei klassiske olympiske leikar arrangert i perioden 776

f. Kr – 393 e. Kr. Å vinne her var viktig, det var eit teikn på gudane sin gunst og bringa ære både til atleten og heimbyen. Her finst også eit tempel til ære for Zevs.

Turen gjekk så gjennom Alpheus Lousio Gorge der det m.a. finst spor etter mange eremittmunker i dalsidene. På bildet kan ein sjå klosteret kalla opp etter Johannes Døyparen. Her finst også ei kyrkje, St. Andreas, som er bygt på eit tidlegare tempelområde og



som såleis knyter saman gamal og ny tru.

Neste stopp var Mystra, senter i det bysantinske riket på 1200-talet. Her finst ei borg som fungerte som kongepalass med kyrkjer og kloster. Det bysantinske symbolet – ørn med to hoder (sjå bilet under) er funne her.



Vidare gjekk ferda til Mykene – som hadde sin glans-periode i ca 1600 – 1100 f. Kr. Byen vert rekna som fødestad for den europeiske kultur. Her låg m.a. ei stor borg omgitt av murer, hovedinngangen var den berømte «Løveporten». I Mykene finst også den berømte kongegrava til kong Atreus.

Takk til Peder Tomren for eit interessant og fengande reisebrev! **Ref: Magne**

09.12.2014 – Presidentens møte

Møteverksemd:

- 3 frie møte
- 2 dagnadar
- Egoforedrag v/Eva
- 1 tur (Finnøy)
- 1 utflukt (Travbanen i Vatnedalen)
- Krabbefest med over 60 gjester
- Vinsmaking v/Øyvind
- Guvernørbesøk
- 3 foredrag

Representasjon:

- Distriktsårsmøte:
President og sekretær
- RF-samling: Rolf Doran

Styremøte: 23.09.14 og 18.11.14

Saker på styremøtene:

- Tippemidler
- Vedtekten
- Profilering
- Rekruttering
- Utveklingsstudent
- Fellesarr. våren 2015
- Innkjøp av fliskutter
- Fond etter Kåre Haram
- Paul Harris
- ..

Mål for klubbåret

- Drive i tråd med tidlegare praksis
- Tilfredse medlemmer
- Bidra økonomisk sentralt
- Lokale prosjekt
- Gjere klubben meir synleg i lokalmiljøet
- Ta i bruk sosiale media i informasjonsarbeidet
- Tre nye medlemmer

Medlemsskap:

- Oppmøte ca 60 %
- 50 medlemmer (derav 9 kvinner)

Program våren 2015:

Rune F. informerte om planane og fekk mange gode innspel

Neste rotaryår:
Svein H. innkomande president informerte om arbeidet med å få på plass det nye styret

Økonomi:
Anders (kass) informerte om den økonomiske stoda som i det store og heile er i bra stand.

Ref: Magne

..

16.12.2014 – Julemøte

Medlemmene vart møtt med deilig gløgg lukt allereie i gangen og på bordene var det tent lys og dekt på med gode kaker til kaffien.

Så julefreden og julestemninga var på plass då Geir ønskte velkommen til det siste møtet i 2014.

Som vanleg stilte Bente med ein engasjerande og artig Quiz og som vanleg vann laget til Sindre!

God jul!

Ref: Magne